

Kommuneplanen – arealdel 2018-2030

Konsekvensutgreiingar (KU)

06. Steinsdalen

Tilrådding	Kart-kode	Kart-kode (T)	Område (stikkord)	Merknad
Tilrådd	B57	Bustad	Heleberghaugen	
Tilrådd	IA5	Idrettsanlegg	Steinsdalen Hundeklubben	
Tilrådd	N42	Næring	Skeie	
Tilrådd	N43	Næring	Lid Jarnindustri	
Ikkje tilrådd		Næring	Mo	



Rettleiing - konsekvensutgreiing med ROS-analyse - (KU).

Det er kome inn mange innspel til ny kommuneplan.

- Innspel som ikkje har vore ein del av kommuneplanen sine utvalde tema eller som openbart er i strid med sine arealstrategiar har vorte forkasta.
- Innspel som openbart er i samsvar med arealstrategiane er konsekvensutgreidd.

I konsekvensutgreiinga er innspelet vurdert opp i mot naturverdiar/biologisk mangfald, jord- og skogressursar, kulturminne/fornminne, landskap/grønstruktur/kulturlandskap, friluftsliv og funksjonell strandsone.

Kvart av tema er verddivurdert, anten som ingen verdi, liten verdi (L), middels verdi (M) eller stor verdi (S). Innafor kvart tema vert konsekvensen vurdert i høve til den føreslåtte arealbruken. Store negative (-3), middels negative (-2), ingen (0), små positive (+1), middels positive (+2) eller store positive (+3).

Områdenavn: B 13	Bustad Strandebarm	Gnr/bnr:	121/4
Journalpost innspel:	http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015154&dokid=431676&version=1&variant=P&		
Noverande planstatus:	Landbruk-, natur- og friluftsområde der landbruk er dominerande. LNF-1.		
Områdeskildring:	Området ligg i mellom sportellet og idrettsparken på Tangerås. Området er fulldyrka mark, og utgjer 8 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Bustad.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	Tilrådd		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

Tema	Kommentar	Konsekvensutgreiing		
		Verdi	Konse- kvens	
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registrerte verdiar i naturbase.no Ei registrering i artsdatabanken.no. Gjeld stakekarse registrert i frå 1921. Livskraftig.	L	-1
	Jord- og skogressursar	Fulldyrka. Ein del av eit større jordbruksområde	S	-3
	Kulturminne / fornminne	Ingen registrerte kulturminner på dette arealet. Vedtaksfreda bygg i nærområdet. Nokre SEFRAK bygg i nærområdet.	L	-1
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Breie fjordløp og opne fjordmunningar. Fulldyrka jord.	S	-2
	Friluftsliv	Ikkje registreringar som viser at dette er eit nytta rekreasjon og friluftsområde.	L	
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor strandsonen	-	-

Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS).

Å gjennomføra ein ROS-analyse vil sei å kartleggja uynskte hendingar, dvs hendingar som inneber fare for menneske, miljø, materielle verdiar og samfunnsviktige funksjonar.

Plan- og bygningslova krev at det vert gjort ei særskilt vurdering av verknader for miljø- og samfunn, når det vert utarbeidd planar som set rammer for framtidig utbygging. Vidare krav plan- og bygningslova at det vert utarbeidd ein risiko- og sårbarhetsanalyse. Målet med analysen er å etablere ei systematisk tilnærming til mogleg framtidig fare og uynskte hendingar, slik at nødvendig risikoreduserande tiltak kan identifiserast og takast omsyn til. Dersom ein gjennom arbeidet med KU og ROS oppdagar at det er risiko for skade på menneske eller miljø, eller at planen har negative konsekvensar, må kommunen synleggjera kva som skal til for at planen kan gjennomførast. Det er ikkje mogleg å fjerna all risiko, men det er viktig at kommunen og andre klarer å identifisera risiko og ha eit medvete forhold til korleis me best mogleg kan førebyggja.

Risiko vert definert som ein funksjon av sannsyn og konsekvens, i høve til «liv og helse», «miljø» og «økonomiske verdiar/produksjonstap».

Vurdering, inndeling	Skala
Særs sannsynleg	S6
Mykje sannsynleg	S5
Sannsynleg	S4
Noko sannsynleg	S3
Lite sannsynleg	S2
Usannsynleg	S1

Konsekvens	Skala
Ubetydeleg konsekvens	K1
Liten konsekvens	K2
Ein viss fare	K3
Alvorleg konsekvens	K4
Kritisk konsekvens	K5
Katastrofal konsekvens	K6

Økonomiske verdiar/produksjonstap

		Små eller ingen skader på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar begrensa oppad til kr. 100 000,-	Mindre lokal skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar avgrensa oppad til kr. 1 000 000,-	Større skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar opp til 10 000 000,-	Tap av, og/eller kritisk skade på materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar avgrensa opp til kr. 100 000 000,-	Fullstendig øydelegging av materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar opp til kr. 500 000 000,-	Fullstendig øydelegging av materiell, utstyr og andre økonomiske verdiar. Skadar for meir enn kr. 500 000 000,-	
		Produksjonsstans < 1 uke	Produksjonsstans < 1 måned	Produksjonsstans > 1 måned	Produksjonsstans > 3 månader	Produksjonsstans d > 1 år	Varig produksjonsstans	
SANNSYN	Særs sannsynleg S6							Meir enn ein hending kvart 20. år
	Mykje sannsynleg S5							Mindre enn ein hending kvart 20. år, men mindre enn ein hending kvart 100. år
	Sannsynleg S4							Mindre enn ein hending kvart 100. år, men mindre enn ein hending kvart 200. år
	Noko sannsynleg S3							Mindre enn ein hending kvart 200. år, men mindre enn ein hending kvart 1000. år
	Lite sannsynleg S2							Mindre enn ein hending kvart 1000. år, men mindre enn ein hending kvart 5000. år ¹
	Usannsynleg S1							Mindre enn ein hending kvart 5000. år ²
			K1 Ubetydelig	K2 Liten	K3 Ein viss fare	K4 Alvorleg	K5 Kritisk	K6 Katastrofalt
KONSEKVENNS								

Det er skjema for:



- Liv og helse (L&H)
- Miljø (M)
- Økonomiske verdiar/produksjonstap (Ø/P)

ROS-analyse.

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremvær	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremvær» med vind og store nedbørmengder.		L&H : S5/K1
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremvær og klimaendringar	Ingen registreringar, på aktsemdskart.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Ureining og støy		Ingen kjend ureining i grunnen eller store/dominerande støykjelder	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Radon	Radonstråling frå grunn.	Generelle krav til byggverk er synt i TEK10.	L&H: S1/K2
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.	Ligg nær Tangerås med god brannberedskap	L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukker.	Etablert og opparbeidd gangtilkomst til skulen, frå p.plass til skulen. Gang- og sykkelveg til barnehage, butikk mm.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Uheldig samlokalisering	Bustadfelt i landbruksområde.	Bustad i nærleik til aktiv gardsdrift kan vera uheldig i høve til m.a. lagring, lukt og støy frå gardsdrifta.	L&H : S3/K1
			M: S3/K2
			Ø&P: S3/K1

Konklusjon



Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport/ gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming
<p>Området ligg i randsonen i høve til arealstrategien for lokalsenteret i Strandebarm/Tangerås. Ligg om lag 750 m i frå sentrum som er innafor 10 min gangavstand. Ligg i svært kort avstand til skule, friområde og idrettsparken i Strandebarm.</p> <p>Området ligg 50 m i frå skulen i Strandebarm. Ny barnehage er under bygging på Tangerås, i underkant 900 m i frå det foreslåtte området.</p> <p>Avstand til næraste busstopp, er om lag 200 m.</p> <p>Folkehelse i plansamheng må forståast som samanhengen mellom mange ulike faktorar. Ligg i eit område med gode turmoglegheiter, kort veg til skule og idrettsplass, og badeområdet på Tangeråsneset.</p> <p>Roleg område med gode oppvekstvilkår, men også eit område der det vert drive me aktivt jordbruk.</p> <p>Etablering av bustadfelt vil vera i konflikt med jordbruksareal av høg verdi. Det bør finnast alternative løysingar for den matjorda som går tapt ved utbygging.</p> <p>I høve til arealstrategiane for Strandebarm/Tangerås, så er vilkår for lokaliseringa på plass. Området vert difor tilrådd som bustadfjæremål i kommuneplanen, med krav om at det må finnast gode løysingar for matjorda som vert nedbygd.</p>			

Områdenavn: B 57	Steinsdalen -Heleberghaugen-	Gnr/bnr:	23/2
Journalpost innspel:	Administrasjonen i Kvam herad		
Noverande planstatus:	Landbruk,- natur,- og friluftsliv, der landbruk er dominerande. Lnf-I -område		
Områdeskildring:	Området ligg i Steinsdalen, i eit område prega av aktivt landbruk. Bustadområdet i Heleberghaugen ligg inn til det føreslåtte området. Arealet utgjer ca 15 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Framtidig bustadareal.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	Tilrådd		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Registrert fossekall i artsdatbanken.no. Låg koordinat presisjon. Ingen registreringar i naturbase.no	L	-1
	Jord- og skogressursar	Størstedelen er definert som fulldyrka jord/myr, men det er også innslag av innmarksbeite, skog av svært høg bonitet og anna jorddekt fastmark.	S	-3
	Kulturminne / fornminne	Det er kun registrert ei fjerna troskykkje innafør området.	L	0
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Fjorddalar og storforma fjordvendte u-dalar. Er del av eit samanhengande jordbruksareal i drift.	M	-2
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar. Utifrå kort avstand til etablert bustadområde har arealet potensiale som nærrområde for leik og friluftsliv til.	M	-2
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor strandsonen.		

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse		
			Vurdering jf. akseptkriteria		
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.		L&H : S5/K1	M: S5/K1	Ø&P: S5/K2
			L&H : S2/K1	M: S2/K1	Ø&P: S2/K1
			L&H : S3/K3	M: S3/K1	Ø&P: S3/K1
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Ingen registreringar, på aktsemdskart.	L&H : S1/K2	M: S1/K1	Ø&P: S1/K1
			L&H : S3/K3	M: S3/K1	Ø&P: S3/K3
			L&H : S2/K1	M: S2/K1	Ø&P: S2/K1
Ureining og støy	Grensar til landbruksområde.	Noko støy frå landbruk og vegtrafikk.	L&H : S1/K2	M: S1/K1	Ø&P: S1/K1
			L&H : S3/K3	M: S3/K1	Ø&P: S3/K3
			L&H : S2/K1	M: S2/K1	Ø&P: S2/K1
Radon	Radonstråling frå grunn.	Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10.	L&H : S1/K2	M: S1/K1	Ø&P: S1/K1
			L&H : S3/K3	M: S3/K1	Ø&P: S3/K3
			L&H : S2/K1	M: S2/K1	Ø&P: S2/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.	Det er gang- og sykkelveg til Norheimsund.	L&H : S1/K2	M: S1/K1	Ø&P: S1/K1
			L&H : S3/K3	M: S3/K1	Ø&P: S3/K3
			L&H : S2/K1	M: S2/K1	Ø&P: S2/K1
Uheldig samlokalisering	Bustadfelt i landbruksområde.	Bustad i nærleik til aktiv gardsdrift kan vera uheldig i høve til m.a. lagring, lukt og støy frå gardsdrifta.	L&H : S1/K2	M: S1/K1	Ø&P: S1/K1
			L&H : S3/K3	M: S3/K1	Ø&P: S3/K3
			L&H : S2/K1	M: S2/K1	Ø&P: S2/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming
<p>Området ligg i tilknytning/forlenging av område som er regulert og stort sett utbygd, og område som er vist som noverande bustadareal i kommuneplanen i frå 2006. I høve til arealstrategiane 1-3 for Norheimsund, så skal område som ligg innafor 20 minutt sykkelavstand i frå sentrum, langs med eksisterande infrastruktur, verta sett på som særleg gode bustadområde. I dag er det tilrettelagt gang- og sykkelveg fram til offentlege og private institusjonar i Norheimsund sentrum. Området ligg innafor 10 minutt sykkelavstand i frå sentrum.</p> <p>I Steinsdalen er det elles lite med tilgjengelege bustadtomter.</p> <p>Det er ikkje lang avstand til skule og barnehage, og det vert bygd ny barnehage i Norheimsund.</p> <p>Området vel 2 km i frå barneskule (målt langs med Fv7 via Norheimsund sentrum). Barnehagen og idrettsplassen ligg om lag 2, 7 km i frå området. Badeplassen i Norheimsund sentrum ligg om omlag 1200 m i frå det føreslåtte området.</p> <p>Folkehelse i plansamanheng må forståast som samanhengen mellom mange ulike faktorar. Det er ingenting ved dette innspelt som utmerkar seg negativt med omsyn til folkehelse. Ligg i eit område med gode turmoglegheiter, relativt kort veg gang- og sykkelveg og tursti rundt Movatnet. Relativt kort avstand til badeområde i Norheimsund sentrum.</p> <p>Området ligg midt i eit viktig landbruksområde i Kvam. I føregåande kommuneplan, var området vist som landbruk-, natur-, og friluftsområde der landbruk var dominerande.</p> <p>Kort veg til vatn og avlaup.</p> <p>Ved ei evt framtidig utbygging, må det gode jordsmonnet takast vare på, jf arealstrategi nr 30.</p> <p>Konfliktene med jordbruk er relativt store, og området utgjør viktige grøntstrukturar i Steinsdalen. I høve til arealstrategiane (jf nr 13) om jordbruk, så er ikkje området i samsvar med desse. Det vert også lagt vekt på at tradisjonelt landbruk skal ha høg prioritering i område vist som LNF-I. Det er derimot lite konflikter i høve til andre interesser, som td naturmangfald, kulturminne og friluftsliv. Området er også godt plassert i høve til gang- og sykkelveg, med gode moglegheiter for sykling til Norheimsund sentrum. Rådmannen tilrår området som framtidig bustadareal. Den gode landbruksjorda må takast vare på.</p>			

Områdenavn: IA 5	Steinsdalen	Gnr/bnr:	15/3
Journalpost innspel:	http://innsyn.kvam.no/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2013015741&		
Noverande planstatus:	LNF		
Områdeskildring:	Området gjeld skogsområde i Tolomarka og ein teig i Steinsdalen som er dels fulldyrka og dels skog.		
Innspel til ny arealbruk:	Tolomarka: Areal til søk- og redningstrening med hund. Steinsdalen: Hall for trening av hund. KU og ROS vert berre gjort for arealet til hall i Steinsdalen. Evt bruk av Tolomarka til søk- og redningstrening fell truleg inn under eksisterande LNF-område, men vil krevje avklaring og avtale med grunneigarar og Kvam herad.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	Tilrådd		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Det er ingen registreringar i artsdatabanken eller i naturbase.no	L	-1
	Jord- og skogressursar	Halve området er fulldyrka jord/myr, resten er anna jorddekt fastmark.	M	-2
	Kulturminne / fornminne	Ruin etter utløe.	L	-1
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Arealet ligg i Steinsdalen, ein U-dal som møter fjorden via straumen i Norheimsund. Steinsdalen er eit svært viktig jordbruksområde i Kvam, og kulturlandskapet ber preg av intensiv grasproduksjon og beiteareal.	M	-1
	Friluftsliv	Ingen kjente registreringar.	L	-1
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor strandsonen.	0	0

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføre hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.		L&H : S5/K1
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Aktsemdskart for jord- og flaumskred (NVE) syner potensiell skredfare. Gjeld ein svært liten del av tomta. Tilhøvet må kartleggjast nærare før bygging	L&H : S3/K3
			M: S3/K2
			Ø&P: S3/K2
Ureining og støy	Grensar til landbruksområde	Noko støy frå landbruk og vegtrafikk.	L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K1
Radon	Radonstråling frå grunn.	Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10.	L&H : S1/K2
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukker	Ligg langs med Dalatunvegen.	L&H : S2/K3
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K2
Uheldig samlokalisering	Ikkje kjend	Ikkje kjend	L&H : S1/K1
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1



Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming

Kvam hundeklubb opplyser at deira tilbod om kurs for hund og førar er det største i Hordaland, og blant dei største i landet. Klubben har 104 medlemmer, og arrangerte i 2012 21 kurs. For å utvikla aktiviteten ynskjer dei å føra opp ein eigen hall til kurs og trening innandørs. Arealet er drøfta med grunneigar, og klubben opplyser i innspelet at grunneigar er positiv.

Rådmannen meiner det er positivt at klubben kan vidareutviklast, og vil **tilrå** at arealet vert sett av til offentleg- og privat tenesteyting slik at hundeklubben kan føra opp ein hall. Arealet vert utvida til å gjelde mesteparten av den aktuelle teigen på 15/3 for å sikre både uteareal og parkering. Viktige tilhøve som må avklarast før bygging er ras-, skred- og flaumfare, parkering og estetikk.

Framlegg til område i arealdelen (Kart)





Områdenavn: N 42	Steinsdalen -Skeie-	Gnr/bnr:	21/11
Journalpost innspel:	Innspel i frå administrasjonen i samband med sal av Steinsdalen skule		
Noverande planstatus:	Offentleg areal		
Områdeskildring:	Området ligg i Steinsdalen. Det har tidlegare vore barneskule, med opparbeidd uteplass. Det er aktivt jordbruk på alle kantar, og Fv-7, går rett forbi på sørsida av bygningane. Arealet utgjer ca 3 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Næring og bustad		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	Tilrådd		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

		Konsekvensutgreiing		
Tema	Kommentar	Verdi	Konsekvens	
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar i artsdatabanken.no eller i naturbase.no no.	L	0
	Jord- og skogressursar	Grunnlendt fjell og mark i dagen	L	0
	Kulturminne / fornminne	Ingen registreringar i miljostatus.no	L	0
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Fjorddalar og storforma, fjordvendte u-dalar.	M	0
	Friluftsliv	Ingen registreringar.	L	0
	Funksjonell strandsone			

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.		L&H : S5/K1
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Aktsemdskart for jord- og flaumskred (NVE) syner potensiell skredfare på eit lite område i nordvestleg hjørne. Tilhøvet må kartleggjast nærare før nærare utbygging.	L&H : S3/K4
			M: S3/K3
			Ø&P: S3/K3
Ureining og støy	Ligg nær fylkesveg.	Deler av feltet, ligg innafor gul sone ograud sone, dvs meir enn 55 dB, der støytiltak må vurderast.	L&H : S5/K3
			M: S5/K2
			Ø&P: S5/K2
Radon	Radonstråling frå grunn.	Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10.	L&H : S1/K2
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukke	Det er gang og sykkelveg.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Uheldig samlokalisering	Bustdadar i landbruksområde	Bustad i nærleik til aktiv gardsdrift kan vera uheldig i høve til m.a. lagring, lukt og støy frå gardsdrifta.	L&H : S3/K2
			M: S3/K2
			Ø&P: S3/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming
<p>Steinsdalen skule er nedlagt og seld. Skulen er seld til privatperson, og skal ikkje lengre nyttast til skule.</p> <p>Den gamle skulen ligg midt i tuna på Skeie. Det må takast omsyn til bustadar og gardsdrift, for den vidare arealbruken på staden. Området er ynskt nytta til både bustad og næring.</p> <p>Området er ikkje konflikter med det biologisk mangfald, friluftsliv eller kulturminne. Det er gang- og sykkelveg til Norheimsund. Aktsemdakartet viser at det kan vera potensiell fare for jord- og flaumskred, dette må det takast omsyn til ved vidare planlegging.</p> <p>I høve til Kvam herad sine arealstrategiar for bustad og næring, så skal det opnast opp for nye stadbundne næringar og i område som ikkje er omfatta av regulerte bustadfelt skal det leggjast til rette for spreidd bustadbygging langs med eksisterande infrastruktur og busetnad.</p> <p>Den nordlegaste delen av tomta kan inngå som ein del av bygningsmassen på garden. Det er kort avstand til trygg gang og sykkelveg og busstopp. Den sørlegaste delen kan nyttast til næringsareal for aktivitetar utan støy og med omsyn til eksisterande gardstun og bustader. Føresegnene må presisera kva bruk som kan vera mogleg å få til av næringar på tomta</p> <p>Rådmannen tilrår at den nordlegaste delen av tomta vert landbruk-, natur- og friluftsområde og at den sørlegaste delen av tomta vert nytta til næringar som ikkje skapar unødvendig støy og andre konflikter med gardstunet og bustadane på staden.</p>			

Områdenavn: N 43	Steinsdalen -Lid Jarnindustri-	Gnr/bnr:	19/12
Journalpost innspel:	http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2017014567&dokid=562958&version=1&variant=A&		
Noverande planstatus:	LNF-område		
Områdeskildring:	Noverande næringsareal utgjer om lag 20 daa, og ligg langs med Fv-7 i tilknytning til Dalen (Lid Jarnindustri). Nytt område vert i dag stort sett nytta til grasproduksjon.		
Innspel til ny arealbruk:	Næringsareal og omlegging av kommunal veg forbi eksisterande og nytt næringsareal.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	Tilrådd		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

Tema		Kommentar	Konsekvensutgreiing	
			Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Området er fulldyrka og nytta til grasproduksjon. I naturbasen er det ikkje registrert verdiar knytt til natur og biomangfald. Finst registreringar i artsdatabanken på mellom anna flaggermus og gullspurv.	L	-1
	Jord- og skogressursar	Arealet er fulldyrka, og del av eit større samanhengande jordbruksareal.	S	-3
	Kulturminne / fornminne	Innafor området er det ei registrering av Per Fett. Gjeld funn av bautastein. Det er registrert fleire fornminne i frå jernalderen i nærområdet. Området kan ha potensiale for fornminne.	M	-1
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Fulldyrka jord, med grasproduksjon. Flatt område i Steinsdalen.	S	-3
	Friluftsliv	Ingen kjente friluftregistreringar.	L	0
	Funksjonell strandsone	Ikkje aktuelt		-

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremvær	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremvær» med vind og store nedbørsmengder	Skadar på bygg som følgje av vind kan førekomma	L&H : S5/K1
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K3
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremvær og klimaendringar	Området ligg utanfor aktsemdskart og utanfor flaumområdet til Steinsdalselva	L&H : S1/K1
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1
Ureining og støy	Kan og førekomma noko støy i frå eksisterande verksemd. Ei utviding treng ikkje føra til meir støy i nabolag, men kan gjera det.	Støy i frå Fv-7. Ei lita stripe nærast fylkesvegen ligg innfor raud sone, dvs. meir enn 65dB, medan ca 50% av arealet ligg innafor gul sone, dvs meir enn 55dB, der støytiltak må vurderast.	L&H : S4/K2
			M: S4/K1
			Ø&P: S4/K2
Radon	Radonstråling i frå grunn.	Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10. Det er gjort registreringar på nordsida av Fv-7.	L&H : S1/K1
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil	Verksemd der det kan få konsekvensar for liv og helse, miljø og økonomi om det skulle oppstå brann.	L&H : S3/K3
			M: S3/K3
			Ø&P: S3/K4
Ulukker	Trafikkulukker. Uoppmerksom førar, tungtransport på smal kommunal veg til bustad og gardstun		L&H : S3/K3
			M: S3/K2
			Ø&P: S3/K1
Uheldig samlokalisering	Industri/næring i kombinasjon med bustad/landbruk	Verksemda har lang tradisjon med den noverande lokaliseringa, kan vera mindre konflikter med naboar i gardstun og bustadar.	L&H : S3/K3
			M: S3/K2
			Ø&P: S3/K2

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming

Arealstrategiane for industri- og næringsareal tek for seg lokalisering av nye næringsareal. Nye næringsareal til industri og anlegg med meir skal leggjast til eksisterande næringsområde i utkanten av sentrum. Plasskrevjande næringer skal lokaliserast i utkanten av sentrum og langs med Fv-7 eller Fv- 48 og Fv-49.


Område til industri- og næringsareal for ei tradisjonsrik og viktig verksemd i Steinsdalen, har vore ei bit for bit utviding fleire gonger ved rullering av kommuneplanen sin arealdel.



Ei vidare utviding er i samsvar med arealstrategi for industri- og næringsareal, ved at det vert lagt til eksisterande næringsområde og ligg langs med Fv-7.

Samstundes er utvidinga i sterk motsetnad til strategiane for utnytting av LNF-I område. Jordvernet skal stå sterkt i LNF-I område. Konsekvensane for jordbruket på staden er svært negative.

Rådmannen **tilrår** at omsynet til næringsliv og sysselsetting vert gjort på bekostning av jordvernet i denne konkrete saka. Må vera krav om at; «matjord må takast vare på», jf. arealstrategi nr 30 om massedeponi.

Framlegg til område i arealdelen (Kart)



Områdenavn:	Steinsdalen -Mo-	Gnr/bnr:	12/1,4,8,9, 11, 12
Journalpost innspel:	Dokument 13/17647 - Innspel til arealplanen. - Kvam herad		
Noverande planstatus:	LNF-område		
Områdeskildring:	Området er om lag 100 daa, og ligg i tilknytning til tidlegare regulert industriområde i Sandvenhagen, området vert i dag nytta til grasproduksjon.		
Innspel til ny arealbruk:	Næringsareal		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	Ikkje tilrådd		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

Tema		Kommentar	Konsekvensutgreiing	
			Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Området er for det meste fulldyrka areal som vert nytta til grasproduksjon. I randsonen opp mot lia er skog av svært høg bonitet. I naturbasen er det ikkje registrert verdiar knytt til natur og biomangfald.	L	-1
	Jord- og skogressursar	Arealet er fulldyrka, og del av eit større samanhengande jordbruksareal.	S	-3
	Kulturminne / fornminne	I området ligg det ei gammal troskykkje og ruinar etter ei anna og ei utløe frå før 1900 (SEFRAK). Det er registrert fleire fornminne i frå jernalderen i nærområdet. Området kan ha potensiale for fornminne.	M	-1
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Fjorddalar og storforma fjordvendte u-dalar. Fulldyrka jord, med grasproduksjon. Flatt område i Steinsdalen.	S	-2
	Friluftsliv	Ingen kjente friluftregistreringar.	L	0
	Funksjonell strandsone			-

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremvær	Klimaendringar vil medføre hyppigare «ekstremvær» med vind og store nedbørsmengder	Skadar på bygg som følgje av vind kan førekomma	L&H : S5/K1
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K3
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremvær og klimaendringar	Området ligg innafor aktsemdskart til Kvam herad for flaum og snøskred frå lia ovanfor.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Ureining og støy	Kan og førekomma noko støy i frå eksisterande verksemd. Ei utviding treng ikkje føra til meir støy i nabolag, men kan gjera det.	Området ligg utanfor dagens registrerte støysonar	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Radon	Radonstråling i frå grunn.	Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10. Det er gjort registreringar på nordsida av Fv-7.	L&H : S3/K1
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil	Som for andre nye industriområdet, må det leggjast til grun 0-visjon med omsyn til brann	L&H : S1/K3
			M: S1/K1
			Ø&P: S/K3
Ulukker	Trafikkulukker. Uoppmerksom førar, tungtransport på smal kommunal veg til bustad og gardstun	Som for andre nye industriområdet, må det leggjast til grun 0-visjon med omsyn til ulukker	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: 21/K1
Uheldig samlokalisering	Industri/næring i kombinasjon med bustad/landbruk	Når området vert detaljplanlagt må det vera eit vilkår at det ikkje skjer uheldige samlokaliseringar	L&H : S2/K2
			M: S2/K2
			Ø&P: S2/K2

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming
<p>Området ligg sentralt i Kvam, nær FV 7 og i tilknytning til eksisterande industriareal. Infrastrukturen for næringsføremål i området er god. Store deler av området er fulldyrka og blant den beste jordbruksjorda i heradet. Skogen har høg bonitet.</p> <p>Området vert <i>ikkje tilrådd</i>, sjølv om samsvar med kommuneplanen sin arealstrategi for industri- og næringsareal (nr 17 og 18). Tiltaket står i motsetnad til strategi nr. 13; «Jordvern skal stå særskilt sterkt LNF-L-område».</p>			